

RÅDSFORORDNING (EF) nr. 536/97**av 17. mars 1997****om endring av forordning (EØF) nr. 822/87 om den felles markedsordning for vin med omsyn til ønologiske framstillingsmåtar og handsamingsmetodar(*)**

RÅDET FOR DEN EUROPEISKE UNIONEN HAR —

med tilvising til traktaten om skipinga av Det europeiske fællesskapet,

med tilvising til rådsforordning (EØF) nr. 822/87 av 16. mars 1987 om den felles markedsordning for vin⁽¹⁾, særleg artikkel 26 nr. 4,

med tilvising til framlegget frå Kommissjonen og

ut frå desse synsmåtane:

I samsvar med artikkel 26 nr. 1 i forordning (EØF) nr. 822/87 har visse medlemsstatar for forsøksfremål gjeve løyve til å nytte visse ønologiske framstillingsmåtar som ikkje er fastsette i forordninga. Dei resultatane som er oppnådde, syner at framstillingsmåtane kan haldast som eigna til å gje betre vinframstilling og lagring av dei aktuelle produkta, utan at dei utgjer nokon fare for helsa til forbrukarane. Dei fleste av framstillingsmåtane er alt godkjende og tillatne av dei rette internasjonale styresmaktene. Dei bør difor få endeleg godkjenning på fællesskapsplan straks det er vedteke nøyaktige vilkår for bruken av dei. Vedlegg VI til forordning (EØF) nr. 822/87 bør difor endrast.

Det er påvist at tilvisingane til visse ønologiske framstillingsmåtar er uøyaktige. Dei bør difor rettast.

I den tyske språkversjonen av forordning (EØF) nr. 822/87, i vedlegg VI nr. 1 bokstav q) og nr. 3 bokstav z), er uttrykket «Milchbakterien» vitskapleg galt og bør bytast ut med «Milchsäurebakterien».

I europaparlaments- og rådsdirektiv 94/36/EF av 30. juni 1994⁽²⁾ er det fastsett føresegnar om fargestoff til bruk i næringsmiddel. Det må fastleggjast at i denne forordninga viser uttrykket «karamell» berre til det produktet som er meint for farging og er

definert i direktivet. Det er likevel mogleg at visse produsentar, etter den datoen då føresegnene i forordning (EØF) nr. 4250/88⁽³⁾ tok til å gjelde, som endrar forordning (EØF) nr. 822/87 på dette punktet, har nytta som fargestoff eit sukra aromatisk produkt som er framstilt ved å varme opp sukker. Det sistnemnde produktet bør òg tillatast frå den førnemnde datoen inntil denne forordninga tek til å gjelde —

VEDTEKE DENNE FORORDNINGA:

Artikkel 1

I vedlegg VI til forordning (EØF) nr. 822/87 vert det gjort følgjande endringar:

1. I nr. 1
 - a) skal bokstav a) lyde:

«a) lufting eller tilsetjing av oksygen»,
 - b) bokstav q) vert «Milchbakterien» i den tyske språkversjonen endra til «Milchsäurebakterien».
2. I nr. 3
 - a) bokstav z) vert «Milchbakterien» i den tyske språkversjonen endra til «Milchsäurebakterien»,
 - b) skal bokstav za) lyde:

«za) tilsetjing av karamell, som definert i direktiv 94/36/EF, for å gjere fargen i sterkviner og kvbd-sterkviner dypere.».
3. Nytt nr. 4 skal lyde:
 - «4. Ønologiske framstillingsmåtar og behandlingsmetoder som kan brukes for produktene omhandlet i det innledende punktum i nr. 3, men bare på de bruksvilkår som er fastsatt etter framgangsmåten i artikkel 83:
 - a) tilsetjing av oksygen,

(*) Denne EF-rettsakten, kungjort i EFT nr. L 196 av 24.7.1997, s. 10, er omhandlet i EØS-komiteens beslutning nr. 78/98 av 17. juli 1998 om endring av EØS-avtalens protokoll 47 om opphevelse av tekniske hindringer for handel med vin, se denne utgaven av EØS-tillegget til De Europeiske Fællesskaps Tidende.

⁽¹⁾ TEF nr. L 84 av 27.3.1987, s. 1. Forordninga sist endra ved forordning (EF) nr. 1592/96 (TEF nr. L 206 av 16.8.1996, s. 31).

⁽²⁾ TEF nr. L 237 av 10.9.1994, s. 13.

⁽³⁾ TEF nr. L 373 av 31.12.1988, s. 59.

- b) behandling med elektrodialyse for å sikre stabilisering av vinens syreinnhold,
- c) bruk av urease for å redusere vinenes innhold av urea.».

Artikkel 2

Frå 1. september 1989 inntil denne forordninga tek til å gjelde, skal det haldast for tillate etter nr. 3 bokstav *za*) i vedlegg VI til forordning (EØF) nr. 822/87 å tilsetje alle dei produkta som er

Denne forordninga er bindande i alle delar og gjeld direkte i alle medlemsstatane.

Utferda i Brussel, 17. mars 1997.

nemnde i fotnote 2 i vedlegg I til direktiv 94/36/EF, med sikte på å gjere fargen i sterkvinar og kvbd-sterkvinar djupare.

Artikkel 3

Denne forordninga tek til å gjelde sjuande dagen etter at ho er kunngjord i *Tidend for Dei europeiske fellesskapa*.

Artikkel 2 skal likevel nyttast frå 1. september 1989.

For Rådet

J. VAN AARTSEN

Formann